



## ÅRSMELDING 2016 KONTROLLUTVALET - MELAND KOMMUNE

### Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2016 til 31.12.2016. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

#### Faste medlemmer:

- Kåre Skibenes (leiar)
- Lars Barstad (nestleiar)
- Øyvind Bratshaug
- Morten Klemmentsen
- Aslaug Aalen
- Anne Marie Skurtveit
- Rikke Slåtten Nordal

#### Varemedlemer:

- Helge Nygård – vara for Skibenes
- Birgit Phil – vara for Barstad
- Dag Erik Hagesæter – vara for Bratshaug
- Tor Eugen Hansen – vara for Klemmentsen
- Solbjørg Åmdal Sandvik – vara for Aalen
- Arnold Tveit – vara for Skurtveit
- Torhild Stav Skare – vara for Nordal

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet legg fram eit eige forslag til budsjett for sitt område for kommunestyret, med bakgrunn i planar for revisjonsarbeid vedteke i kommunestyret.

Frå og med 01.07.2013 er kontrollutvalet sine møter opne på lik linje med andre politiske møter. Utvalet har hatt 5 møter i 2016 og handsama 44 saker inklusiv formaliasaker.

### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene ivaretas hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Meland kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert iverksatt. Nordhordland Utviklingselskap IKS ivaretar sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Sekretær for kontrollutvala er for tida Tonje Husum Aarland.

## Saker i 2016

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordfører for å få naudsynte opplysningar i aktuelle saker.

Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunen sitt årsrekneskap og årsmelding. Årsrekneskapen for 2015 vart handsama i sak 14/16 i utvalsmøtet 11.04.2016. Dette årsrekneskapet viste eit netto driftsresultat på pluss 16,2 mill. kr, som utgjer ca. 3 % av driftsinntektene, noko som er 10,8 mill. kr betre enn budsjettert. Driftsutgiftene har auka med 4 % og driftsinntektene med 6,1 %. Avvik (overforbruk/underforbruk) er stort sett forklarar i årsmeldina. Totalt sett så er det eit mindreforbruk på 9,1 mill. kr. Kommunen sin økonomi er forbetra også i 2015, som viser ei positiv utvikling for kommunen. Det er viktig at revisjonen sine kommentarar vert følgt opp, slik at nødvendige korrigeringar kjem på plass i 2016. Kontrollutvalet ser det som svært viktig at det er samsvar mellom budsjett og årsrekneskapen, og at det er god økonomistyring i kommunen.

Utvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. I løpet av 2016 har kontrollutvalet saman med sekretariatet og revisjonen jobba igjennom overordna analyse for å innstille til ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll for denne perioden. Planen for forvaltningsrevisjon vart handsama av kontrollutvalet i sak 07/16 og vedtatt av kommunestyret i sak 37/2016 i møte 27.04.2016. Kontrollutvalet fekk fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle bli meir aktuelt. I planen for forvaltningsrevisjon skal følgjande område/prosjekt prioriterast i denne perioden:

- Barnevernstenesta i Meland kommune
- Helsetenesta for barn og ungdom i skulehelsetenesta
- Etikk – korleis arbeider kommunen med problemstillingane knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging - har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?

Planen for selskapskontroll vart handsama av kontrollutvalet i sak 16/16 og av kommunestyret i sak 43/2016 i møte 11.05.2016. I planen for selskapskontroll skal følgjande selskap prioriterast i denne perioden:

- Meland Utbyggingsselskap AS

I sak 29/16 vedtok kontrollutvalet prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Meland kommune, «Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim». Prosjektet skal etter planen handsamast i kontrollutvalet på forsommaren 2017.

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom anna lagt fram uavhengighetsærklæring. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning, jf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 06.04.2016 og revisjonsrapport nr. 13 datert 06.04.2016.

#### Andre saker som vart handsama i 2016:

- Orientering om rutinar for ventelisteordning innanfor pleie og omsorg
- Orientering om medlemskap i Transparency International Norge
- Vurdering av oppdragsansvarleg revisors uavhengighet
- Kontrollutvalet - ansvar, oppgåver og organisering
- Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval
- Orientering om verv til medlemmer i kontrollutvalet
- Rutinar for innkallingar og heimesider
- Innspel frå enkeltpersonar til saker i kontrollutvalet
- Orientering om tilsynsrapport; oppfølging av krav i opplæringslova kap. 9a om elevane sitt læringsmiljø
- Oppfølging av merknader i revisjonsrapport nr. 13
- Orientering om økonomisk status i høve til budsjett 2016
- Orientering om framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn
- Orientering om rekneskapsrevisjon i 2016
- Møteplan for kontrollutvalet

#### **Andre kommentarar**

I 2016 deltok fleire av medlemmene på kurs for kontrollutvalsmedlemmer: både kurset som vart arrangert i Knarvik 20. januar og på Solstrand 25. – 26. januar. Leiar deltok på NKRF sin konferanse på Gardermoen 3. – 4. februar og leiar-møte for kontrollutvala i Nordhordland 10. juni.

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

*Frekhaug, 31.01.2017*

*Kåre Skibenes  
Leiar*